

Snop og mobiltelefon

Igjen viser Rønnaug Kleiva kor dyktig ho er til å skildra det oversette barnets såre trass. Boka startar med at eg-fortelja-

ren og hovedpersonen, den 11-12-år Katja, må finna seg i at den nye dama til faren skal vera med dei på hytta i sommarferien. Katja gjer alt ho kan for å gjera livet surt for henne.

Sjøl kor stygt ho oppfører seg, får me sympati for jenta, for forfattern skriv slik at me forstår. Ho slit åleine med sagn og svik. Som skorpe veks på sår, hardnar såra barn til på overflata.

Det Katja vil, er å få dama bort og få mor heim frå Afrika slik at alt kan bli som før.

Teknikken med å la det vera stor avstand mellom korleis ein person er, og korleis han/ho blir oppfatta, brukar forfattern også i skildringa av faren og mora. Foreldra blir skrella av lag for lag. Att står to som ikkje greier å setja barnet sine behov framfor sine eigne. Dette får Kleiva fram utan at Katja seier eit einaste vondt ord om dei. Det lojale barnet snarare idealiserer foreldra.

Humor og ironi er eit av dei mest effektive forfattargrepa her: Postkorta frå mora er for Katja teikn på at «overalt der ho er, tenkjer ho på meg», men for oss lesarar blir dei tome orda om alle dei viktige møtene ei bitande avsløring av kor sjøloppteken ho er. Annakvart kort sluttar med «I morgon reiser eg heim». Me veit at mora reiste til Afrika for tre

Rønnaug

Kleiva:

Kjærleik på pinne frå Ouagadougou, 9-12 år, 124 s, kr 186, Samlaget

år sidan, og sidan har dei ikkje sett henne.

Mora har sendt ein mobiltelefon til dottera slik at dei kan snakka saman «uansett kor eg er». Her blir telefonen snarare eit bilete på den manglande kommunikasjonen: Mora ringer aldri, Katja kjem sjeldan gjennom jungelen. Og når ho det gjer, kjem ho ikkje gjennom til mora: «Så hyggeleg», seier mora tre gonger i den samtalen kor Katja fortel kor uuthaldeleg livet hennar er.

Måten forfattaren brukar søtsaker i forteljinga (jamfør tittelen), seier mykje: Katja treng kjærleik, det ho får av mora er ein kjærleik på pinne. Faren sitt forhold til snop viser kor barnsleg og nyttings-

sjuk han er: Den siste dagen på hytta proppar han i seg så mykje at han blir liggjande og ynka seg på senga mens Petra tørkar spy og vaskar ut hytta.

Alt heng saman, ikkje ei setning er tilfeldig. På side 17 fortel Katja om kor mykje snop ho får frå foreldra. Kapitteloverskrifta er «Å vere heldig her i livet». På side 87 skryt ho til ein kamerat over fordelane ved å vera einebarn og skilsmissebarn. Då han utbryt: «Du er jammen heldig», pressar tårene på, og ho sym bort.

Det er imponerende kor mykje forfattern får fram i dei 1/2-3 siders korte kapitla. Endå meir får ho sagt mellom linjene.

Med denne boka vann Rønnaug Kleiva den nordiske barnebokkonkurransen. Ifjor vann ho to prisar for «Ikkje gløym å klappe katten».

